



NVE
Konsesjons og tilsynsavd.
Postboks 5091

0301 Oslo

200709470-2
VMU/TSP
315

Eresfjord, 15.01.08

**Uttale ang. revisjon av konsesjonsvilkår for Aurareguleringa.
NINA rapport 275, krav til vannføring for å reetablere en laksebestand i Aura.**

Nesset Fjellstyre har gått gjennom rapporten og har fylgjande kommentarar:

Det er viktig at det vert gjort tiltak slik at Aura får ei minste vintervassføring på 1-2 m3. Dette for at Aura igjen kan verta ei gyteelv.

For å oppnå ei minstevassføring på 1-2 m3 bør det utredast om ein kan bygge eit kraftverk ved Finnset som nyttar fallet frå Løypåna og/eller Breimega. Ei utnytting av dette fallet vil gje mindre overløp ved Aursjøen og Osvatnet, og dermed mindre tapt produksjon.

Enkle tiltak som laksetrapp nedom Litlevatnet, graving av djupål i utløpsosen, innsnevring av Aura ved Sæter vil lette oppgangen av laks /aure frå Eikesdalsvatnet til Finnset.

Eit kraftverk ved Finnset vil gi:

- Stabil kraftforsyning til Eikesdal.
- Mindre overløp, mindre tapt produksjon.
- Betre tilhøve for gyting i Aura.
- Laksefiske i Aura, betre fiske i Eira.
- Auka turistferdsle.
- Ei vakrere og betre bygd å bo i.
- Rette opp noko av tidligare miljøovergrep mot Eikesdal.

Med helsing
Nesset Fjellstyre
Dag Ringstad
Dag Ringstad
Sekretær

Torstein Oppigard
Leiar

Kopi: Nesset Kommune, Eikesdal Sameige, Eikesdal Grunneigarlag